

330.00

Uttale til høyringa på barnehagelova frå Gaular kommune

Vi er samde i at føremålet med lova skal vere å gje barna eit godt pedagogisk tilbod, og at lova skal vere med å sikre høg kvalitet i barnehagetilbodet.

2004/04169

- C80

Dette meiner vi ikkje kan skje på lokalt nivå. Kvaliteten kan berre sikrast gjennom nasjonalt vedtekne normer. Lokal utforming kan skje innafor desse normene. I det presset kommunane står overfor i dag, ser vi ikkje at alle vil vere i stand til å gjere dei vala som må gjerast, for å skape "Den gode barnehagen".

I dagens kunnskapssamfunn, der fleire og fleire er brukarar av barnehagen, meiner vi at tilbodet til barna ikkje kan gjerast avhengige av kommunen sin vilje og økonomiske evne. Det må vere nasjonal politisk styring som prioriterer barnehagen. Barnehage er eit tilbod med 80% offentleg støtte. Lova må vere med å sikre dei små barna sine retter.

Når det gjeld fleire nasjonale satsingsområder, burde arbeidet i større grad starta i barnehagen. Til dette skulle ein satsa sterkare, gjennom forskning, kompetanseheving og utviklingsarbeid. For eksempel i arbeidet med mobbing og sosial kompetanse, språk og lesing, m.m. ville ein truleg oppnådd meir på å starte på eit tidlegare tidspunkt. No vert hovudsatsinga retta mot skulen.

Vi ynskjer og å gjere barnehagen til ein arena for danning (godt og viktig innspel frå arbeidsgruppa).

Får å oppnå det vi ynskjer kan vi ikkje starte med å løyse opp det som i dag er med på å sikre kvaliteten i barnehagen.

Merknader til einskilde paragrafar i lova:

§ 1 Her ev. i § 2 ynskjer vi å ha med arbeidsgruppa sitt innhald i underpunkt 1 og 2, Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder et likeverdig pedagogisk tilbod. Barnehagen skal.....bistå barna i deres dannelsingsprosess.

Vi ynskjer å understreke at det er nødvendig at førskulelæraren er til stades saman med barna. At heile barnehagedagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Der alt frå det å ta imot foreldre og born om morgonen, til dei store prosjekt er gjennomtenkt. Slik kan vi få "Den gode barnehagen".

*Vi finn arbeidsgruppa sitt framlegg om å nytte "danningsomgrepet" både framtidsretta og viktig i dagens barnehage. Frå arbeidsgruppa sitt framlegg;
"Danning er en kontinuerlig prosess som tar utgangspunkt i dagliglivets praksis og menneskenes grunnvilkår. Det handler ikke om pene manerer, men er en personlig prosess som handler om å få et aktivt og bevisst forhold til omgivelsene og om å reflektere over det en gjør. Dannelsingsprosessen bygger på absolutt frivillighet og et ærlig og oppriktig ønske om å bli dannet i betydningen få en ballast av viten, innsikt, selvstendighet og evne til etisk vurdering og handling. Samtidig er danning en forutsetning for meningsdannelse, kritikk og demokrati i et samfunn. Barnehagen bør betraktes som en arena for danning."*

§ 3 Flott at barna skal bli høyrd ! Men siste punkt om å ta omsyn til barnet sin alder bør ut. Punkt tre er unødvendig. Dette er sjølvsgagt, og det verkar nedvurderande for det kompetente barnehagepersonalet at det vert stilt tvil om dette.

§ 5 Felles samarbeidsutval for barnehage og skule.
Sjå i samanheng med høyring på utdanningslova

§ 7 Barnehagen sin eigar..
Barnehageeigar må og ha ansvar for å ivareta det faglege innhaldet.
Vedtektene til barnehagen må leggst fram ved godkjenning, dette bør takast inn att.

§ 8 Barnehagefagleg kompetanse i kommunane.
Kommunen sitt ansvar som barnehagemyndede vert auka. det må synleg gjerast det faglege ansvaret for kvalitet og kompetanseutvikling. Målet er å styrke barnehagekvaliteten det må takast i vare her. For å få til dette og å ivareta dei andre forsterka oppgåvene, må og kommunen ha barnehagefagleg kompetanse. Dette er særskilt viktig om det i lova som i dag regulerer barnehagedrifra fell bort.

Kontantstøtta bør ikkje heimlast her, men i anna lovverk.

§ 9 Fylkesmennene bør framleis ha høve til å føre tilsyn med einskildbarnehagar.

§ 10 Barnehagen skal ha utstyr, lokaler og uteareal som fremmer formålet.
Arealnormer er viktig for å halde på kvaliteten i arbeidet

Kvaliteten kan ikkje takast i vare om ein stuer for mange barn inn i ei eining. Arbeid mot mobbing, m.m. som er eit satsingsområde for regjeringa vert gjort vanskelegare, og erstatta med barnepass.

For å bli godkjent og få offentleg støtte må det og i private barnehagar vere krav om løn, og arbeidsvilkår på linje med kommunale barnehagar. (Sjå lov om privatskular)

§ 13 Bra med utviding av punktet, men ein bør framleis ha med ... dersom barnet har nytte av opphaldet. Dette er vi redd kan ha innverknad på det tilbodet som vil bli gitt til desse barna. No opnar dette for ekstra pesonell m.m. for å sikre at barnet har nytte av opphaldet.

Punktet må samordnast med opplæringslova. I dag er det for mange uklare ting i høve til dei to lovene.

§ 18

A Vi ynskjer å ta utgangspunkt i pkt B. Med tillegg Barnehagen skal ha ein **styrar** med førskulelærarutdanning som har sitt daglege opphald i barnehagen.

Dette for å ivareta det pedagogiske innhaldet, dei små barn sine rettigheter og å vere ein personalleiar.

I forrige runde med endringer i barnehagelova sa departementet;

”Departementet mener at selv om en barnehagestyrer også har oppgaver av administrativ karakter, er de faglige oppgavene så vesentlige at både selve stillingen og utdanningskravet til denne stillingen bør opprettholdes i loven. Nasjonale hensyn tilsier at dette er nødvendig for å sikre barn likeverdige pedagogiske tilbud. Barnehagen er av stor betydning for barns utvikling og læring. Barnehagen bidrar til å sikre barn gode oppvekstvilkår og forbereder dem for senere skolegang.” (Ot prp nr 68 (1993 -1994) s. 28 -29)”

Vi kan ikkje sjå at ting har endra seg i så stor grad at denne grunngevinga ikkje gjeld leger.

B Vi går og her for B

Skal barnehagen kunne ivareta krava om kvalitet må vi ha eit minimum av personell med pedagogisk utdanning. Eit supplement med andre utdanningar kan ein gje rom for, men minimumsbemanninga må vere som i dag.

Det er og stadig større krav og ynskje om dokumentasjon og synleggjering av innhald.

Barnehagen skal samarbeide med andre instansar om barn med særskildte behov.

Argumenta for å styrke pedagogtettleiken burde vere fleire enn argumenta for å løyse opp.

Dette var dei punkta vi fann det naudsynt å kommentere, mykje var godt i framlegget til lov, men skal lova vere eit styringsreiskap må den setje nokre normer. Så får vi gjere våre prioriteringar innom dei, både foreldre, personale, administrasjon og politikarar i saman.

Dette er handsama av foreldre, tilsette i barnehagane og politikarar i Gaular kommune.

Kommunestyret sitt vedtak 17.12.2004

Uttale til høyringsutkastet ang. ny barnehagelov vert vedtatt.